

**UTKAST TIL UTTALE - Regionrådet fredag 9. desember**

Hordaland fylkeskommune  
Fylkestannlegen

**Høyringsuttale – tannhelsa, klinikkstrukturplan Hordaland 2015-2010**

Regionrådet i Nordhordland viser til:

- høyringsbrev frå Hordaland fylkeskommune datert 13.10. 2014 med uttalefrist 15.12.2014
- møte i Regionrådet fredag 7. november og takkar fylkestannlegen for fin orientering i møtet om «Tannhelsa – klinikkstrukturplan 2015-2030»

Som fylkestannlegen såg i møtet, er det stort engasjement rundt denne høyringa, og mange kommunar opplever at nok ei viktig statleg / fylkeskommunal teneste forsvinn i frå lokalmiljøet. Kommunane i Region Nordhordland vil sjølve og enkeltvis koma med uttalar til planen.

Regionrådet i Nordhordland vil samla påpeika at me synest det er flott at fylkestannlegen ynskjer å styrkja tannhelsetenesta i regionen, og at me er positive til at det vert ein styrkja og framtidsretta sterk fagleg klinikk i Knarvik. Me er i det høve veldig glade for at fylkestannlegen ynskjer å etablera denne klinikken i det framtidige helsehuset vårt.

Mange kommunar er imidlertid skeptiske til at dette går utover desentraliserte tenester ute i den enkelte kommune, og synest at fylkestannlegen i for lita grad har teke omsyn til dei samfunnsmessige kostnadane ved dette. Regionrådet ber om at fylkestannlegen prøver å finna ein modell som styrkjer det regionale tilbudet samtidig som en klarar å halda oppe enkelte tenester ute i distrikta.

Regionrådet viser til pågåande kommunereform og diskusjonane som er og vil koma, om framtidig fordeling av oppgåver mellom stat, fylke og kommunane. I den samanheng vil det vera naturleg også å diskutera framtidig organisering av tannhelseteneste. Regionrådet synest derfor at arbeidet med framtidig klinikkstrukturplan for tannhelsa, bør utsetjast til oppgåvefordelinga mellom stat, fylke og kommune er avklara.

Knarvik, 12. desember 2014



Jon Askeland  
Leiar  
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit  
Dagleg leiar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS